



Retningsline for motorferdsel i utmark

Vang kommune

11.10.2022



Innholdsliste

Side | 1

1. Føremål.....	2
2. Verkeområde og definisjonar	2
3. Motorferdsel i utmark jf. nasjonal forskrift § 5.....	3
3.1. Ervervmessig kjøring for fastbuande(leigekjøring) jf. nf. § 5 a)	3
3.2. Transport for funksjonshemma, jf. nf. § 5 b)	3
3.3 Transport av bagasje og utstyr til stølar og hytter som ikkje ligg ved brøytt veg, jf. nf. § 5 c)	4
3.4 Kjøring i utmarksnæring for fastbuande, jf. nf. § 5d)	4
3.4 Transport av ved, jf. nf. § 5 e).....	5
3.5 Gruppeturar for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, pensjonistforeiningar, jf. nf. § 5 f)	5
4. Motorferdsel i utmark jf. nf. §§ 5a. og 5b.	5
5. Særskilte behov jf. lov og forskrift § 6.....	6

Forslag til retningsline 11.10.2022

1. Føremål

Side | 2

Føremålet med retningslina er å opplyse om handlingsrommet i lovverket, gje føringar for kva dispensasjonar(løyver) som kan gjevast, sikre likebehandling av søknadar og elles fylgje opp intensjonane i lovverket for motorferdsel i utmark. Retningslina skal bidra til å unngå unødig støy i populære utfartsområde og redusere påverknad på naturmiljø.

Det er i tillegg til retningslina utarbeidd eit eige søknadsskjema med tilhøyrande rettleiing, slik at søkjarar lettare kan orientere seg i lovverket.

2. Verkeområde og definisjonar

Retningslina gjeld for motorferdsel i utmark som er søknadspliktig til kommunen jf. motorferdselloven(mfl) § 6 og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark(nasjonal forskrift – nf) jf. §§ 5, 5a, 5b og 6.

Motorferdselloven §2 definerer følgjande:

Med motorferdsel menes i denne lov bruk av kjøretøy (bil, traktor, motorsykel, beltebil, snøscooter o.l.) og båt eller annet flytende eller svevende fartøy drevet med motor, samt landing og start med motordrevet luftfartøy.

Med utmark menes udyrket mark som etter lov om friluftslivet § 1 a første ledd ikke regnes som innmark eller like med innmark. Setervoll, hustomt, engslått, kulturbeite og skogplantefelt som ligger i utmark, regnes i denne lov like med utmark.

Veg i utmark som ikke er opparbeidd for kjøring med bil, anses i denne lov som utmark. Det samme gjelder opparbeidd veg som ikke er brøytet for kjøring med bil.

Med vassdrag menes åpne og islagte elver, bekker og innsjøer.

Motorferdselloven § 3 presiserer:

«I utmark og vassdrag er motorferdsel ikke tillatt med mindre annet følger av denne lov eller vedtak med hjemmel i loven»

Motorferdselloven § 4 lister opp ei rekke aktørar forbodet i mfl. § 3 ikkje gjeld for, som t.d. politi, ambulanse, redningsteneste, offentleg oppsyn, m.fl.

Det er elles ein klar føresetnad i Vang kommune at søkar/løyveinnehavar har naudsynt godkjenning frå rørde grunneigar, grunneigarlag eller sameige, jf. mfl. § 10. Skriftleg godkjenning skal leggest ved søknad om dispensasjon.

3. Motorferdsel i utmark jf. nasjonal forskrift § 5

3.1. Ervervmessig kjøring for fastbuande(leigekjøring) jf. nf. § 5 a)

Side | 3 Ervervmessig kjøring(leigekjøring) med snøscooter skal nyttast som eit tilbod til dei som har eit transportbehov og som eit verkemiddel for å redusere talet dispensasjonar. Slikt løyve kan berre gjevast til fastbuande i kommunen. I vurderinga av talet løyver skal kommunen ta omsyn til talet eigedommer(støl/hytte/bu) og køyreavstand til desse eigedommane. Næringsmessig betydning for den enkelte søkar og kontinuitet i inntekt frå slik leigekjøring skal vektleggast.

Innehavar av løyve skal så langt råd er ta på seg transportoppdrag etter nasjonal forskrift § 5 a) i både kvardag og helg innanfor sitt geografiske område. Innehavar kan nytte fleire køyretøy på samme løyvet for å få utført oppdrag på ein mest mogleg effektiv og skånsam måte. Løyvet blir gjeve for 4 år om gongen. Det skal først kjørebok for alle oppdrag som skal leverast til kommunen etter sesongslutt og seinast innan 15. mai kvart år. Blir ikkje dette overhalde kan løyvet bli drage inn.

Innehavar av løyvet er ansvarlig for at vilkår og øvrig lovverk blir overhalde. Dersom innehavar er eit firma, foreining eller liknande er det dagleg leiar/styreleiar som er ansvarleg. Personar som skal køyre på dette løyvet skal oppgjevast med namn i søknaden.

3.2. Transport for funksjonshemma, jf. nf. § 5 b)

Eigar av støl/hytte/bu og eigar sin næraste familie(ektefelle/samuar og barn) med varig funksjonshemming skal normalt få dispensasjon for kjøring med snøskuter til eigen støl/hytte/bu, eller til anna fast stad(avgrrensa område). Varig funksjonshemming skal vera dokumentert ved legeattest.

Det blir ikkje sett avgrensing i talet turar for kjøring til eigen støl/hytte/bu, men det kan berre gjevast løyve til 5 turar til anna fast stad(avgrrensa område) per sesong. Køyrrute skal i baa tilfelle teiknast inn på kart. Dersom det er naudsynt med ledsager skal denne(desse) oppgjevast med namn.

Dispensasjon for personar som på grunn av alder eller midlertidig sjukdom er funksjonshemma må vurderast etter nasjonal forskrift § 6(særskilte tilhøve).

3.3 Transport av bagasje og utstyr til stølar og hytter som ikkje ligg ved brøytt veg, jf. nf. § 5 c)

Eigar eller leigar av støl/hytte/bu som ligg lenger frå brøytt veg enn 1 km kan få dispensasjon for inntil 5 turar(ein tur forståast som tur/retur) pr. sesong for transport av bagasje og utstyr (ikke alminnelig persontransport). For støl/hytte/bu som ligg nærare enn 1 km må behovet grunngevast særskilt i søknaden. Det blir berre gjeve *eitt* løyve pr. støl/hytte/bu. Til saman kan tre ulike personar nytte dette løyvet og desse må inngå i definisjonen nær familie. Løyvet blir gjeve for 4 år om gongen.

Dispensjon skal ikkje gjevast dersom støl/hytte/bu ligg innanfor raud sone markert i kart(sjå vedlagt liste og kart). Dersom raud sone ikkje er dekt av lokal leigekøyringsordning kan likevel disponsesjon vurderast(sjå liste og kartutsnitt med oversikt over leigekøyrarar).

Raud sone er større regulerte hytteområde og område som har eit visst tal og tettleik med støl/hytte/bu, som ikkje har vinterbrøytt veg og som ligg i populære utfartsområde. Intensjonen med raude soner er å avgrense motorferdsel i desse områda til eit minimum og med det unngå unødig støy i populære utfartsområder og redusere belastninga på naturmiljøet.

For dei som søker etter nasjonal forskrift §5 c skal ein unngå å køyre snøscooter i skiløyper. Dette for å unngå konflikt med andre brukerinteresser.

Innehavar av løyve har som utgangspunkt berre løyve til transport av bagasje og utstyr. Det er likevel anledning til å la personar sitte på dersom det er plass saman med bagasjen. Føresetnaden er at passasjertransporten ikkje vil medføre ekstra køyring. Dersom det er behov for rein persontransport, t.d. på grunn av alder og helse, skal det søkast dispensasjon etter nasjonal forskrift § 6.

Køyreavstand målast etter kortaste avstand frå regulert vinterparkering og etter etablerte løyper og moglege traseer i terrenget. Køyrerute skal teiknast inn på kart. Køyrebok skal fyllast ut før køyringa startar og skal til einkvar tid kunne leggest fram for kontroll.

3.4 Køyring i utmarksnæring for fastbuande, jf. nf. § 5d)

Fastbuande kan ha behov for transport i samband med utmarksnæring. Slik transport kan det gjevast løyve til etter nasjonal forskrift § 5 d. Det må dreie seg om næringsmessig verksemd som t.d. drift av utleigehytte som drivast som ein del av næringsgrunnlaget på eit gardsbruk, herunder naudsynt tilsyn med bygg og transport av gjester. Vidare vil det kunne

gjevast løyve til naudsynt transport i samband med næringsmessig jakt og fiske. Kommunen kan krevje næringsoppgåve.

Gjeld søknaden anna utmarksnæring er det § 5 a. som i utgangspunktet er bestemmelsen ein skal søkje etter.

Side | 5

Løyvet fyrste gong kan gjevast for inntil 2 år. Dersom den næringsdrivende etter utløpet av perioda kan dokumentere ei omsetning og behov av vesentlig betydning, kan løyvet blir forlenga med inntil 4 år om gongen.

3.4 Transport av ved, jf. nf. § 5 e)

Det kan gjevast løyve til transport av ved frå eigen eigedom til anna stad enn fast bupel, og transport av ved frå andre sin eigedom, jf. nasjonal forskrift § 5 e. Dette blir vurdert til å vera ei kurrant dispensasjonssak. Føremålet er å legge til rette for transport av ved frå utmark, altså frå hogstflate og vedteig, og inn til anten bupel eller hytte.

3.5 Gruppeturar for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, pensjonistforeiningar, jf. nf. § 5 f)

Helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjonar kan søkje om å få nytte snøscootertransport ved gruppeturar til bestemt stad for bebuarane. Det er berre anledning til å gje løyve til turar der snøscootertransport inngår som ein naudsynt del, og ikkje til rein rekreasjonskøyring. Det kan gjevast løyve til ein gruppetur om gongen.

4. Motorferdsel i utmark jf. nf. §§ 5a. og 5b.

Transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring, jf. forskrifta § 5a.

Ein kan søke om dispensasjon til bruk av motorkøyretøy dersom ein har behov for transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring. Med utmarksnæring regnast drift av utleigehyttar, næringsmessig hausting av naturgodar, turist- og reiselivsnæring, leiting og undersøking av mineralske ressursar mv. Verksemda må vera registrert i einingsregisteret og vera reell næringsverksemd av økonomisk karakter. *Dersom ein har behov for transport på barmark skal dette berre skje langs traktorveg.*

Utkøyring og tilsyn med jervebåsar, jf. forskrifta § 5b.

Ein kan søke om dispensasjon til bruk av snøskuter for utkøyring og tilsyn med jervebåsar som er tillatt av statsforvaltar etter forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 31 fyrste ledd bokstav a). Ein kan og søke om løyve til eit avgrensa tal turar med bruk av snøskuter for utkøyring av åte og åtebuar i samband med felling av jerv.

5. Særskilte behov jf. lov og forskrift § 6

Side | 6 Kommunen kan gje dispensasjon til motorferdsel i utmark dersom det føreligg eit særskilt behov. Kommunen skal tolke denne bestemmelsen strengt og fylgje føresetnadar sett i rettleiar til motorferdselloven og nasjonal forskrift som er publisert hjå Miljødirektoratet.

Forslag til retningsline 11.10.2022